



DET KONGELEGE  
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

# Ot.prp. nr. 11

(2002–2003)

## Om lov om endringar i lov 24. februar 1995 nr. 12 om helligdager og helligdagsfred m.v.

*Tilråding frå Kultur- og kyrkjedepartementet av 25. oktober 2002,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

### 1 Innleiing

#### 1.1 Hovudinhaldet i proposisjonen

Kultur- og kyrkjedepartementet legg med dette fram forslag om å oppheve *lov 26. juni 1998 nr. 43 om åpningstider for utsalgssteder (åpningstidsloven)*, samtidig som reglar om opningstider for utsalsstader på søndagar og andre helgedagar blir tekne inn i *lov 24. februar 1995 nr. 12 om helligdager og helligdagsfred*. Vidare er det foreslått at det i *lov 26. april 1947 nr. 1 om 1 og 17 mai som høgtidsdager* blir teke inn ei føresegn som inneber at handel på desse dagane blir avgrensa i same omfang som på helgedagar.

I lovforslaget er desse hovudprinsippa lagde til grunn:

- Det skal ikkje vere reglar som avgrensar opningstidene på kvardagar, og heller ikkje forbod i arbeidsmiljølova mot arbeid ved utsalsstader utanom normalarbeidstida.
- På helgedagar og høgtidsdagar skal utsalsstader som hovudregel halde stengt, men unntaka i gjeldande lov blir ført vidare. M.a. vil det framleis vere unntak for sal av daglegvarer og kioskvarer frå mindre utsalsstader, og sal frå bensinstasjonar.

#### 1.2 Bakgrunnen for forslaget

Forslaget byggjer på Sem-erklæringa, som er det politiske grunnlaget for regjeringa. I Sem-erklæringa vart det sagt:

«Samarbeidsregjeringen vil:

[...]

oppheve åpningstidsloven. Bestemmelser som regulerer og begrenser åpningstider på sør- og helligdager, overføres til helligdagslovgivningen.»

Bakgrunnen for forslaget er at departementet ser det som viktig å kunne tilpasse opningstidene til dei behov brukarane har – deira behov skal stå i sentrum. Tilbod og etterspørsel eignar seg betre enn lovverket til å regulere opningstidene. Det vil gi meir fleksible tilpassingar, som naturleg vil variere med bransjetype, stad, lokale forhold osv. Ved å oppheve restriksjonar fjernar ein også konkurransevridingar som følgjer av at enkelte typar utsal er unntakne frå føresegne.

Samtidig ser departementet det som viktig å verne om den alminnelege fred på søndagar og andre helgedagar ved å setje grenser for den kommersielle aktiviteten på desse dagane. På denne bakgrunn er det foreslått at faste utsalsstader som sel varer til forbrukar, i utgangspunktet skal halde stengt på helgedagar, men at unntaka i den gjeldande opningstidslova skal førast vidare. Ved å halde oppe dei unntak vi i dag har for sal på helgedagar,

vil departementet sikre forbrukarane tilgjenge til varer som det er særlege grunnar for å tillate. Å oppheve restriksjonane på kvardagar vil i seg sjølv redusere behovet for å handle på helgedagar.

Dei omsyn som tilseier at det bør setjast grenser for å halde utsalsstader opne på helgedagar, gjer seg i hovudsak gjeldande for høgtidsdagane 1. og 17. mai.

### 1.3 Opningstidslova

I opningstidslova av 26. juni 1998 vart det innført like opningstider i heile landet. Lova vart sett i kraft 1. januar 1999. Utsalsstader skal på kvardagane i veka (måndag – fredag) vere stengde frå kl. 21.00 til kl. 06.00 neste dag. På dagar før søndagar og helgedagar skal utsalsstader vere stengde frå kl. 18.00. På søndagar, helgedagar og 1. og 17. mai skal utsalsstader vere stengde. På jul-, påske- og pinseafstan skal utsalsstader vere stengde frå kl. 15.00. Utsalsstader kan halde ope mellom kl. 14.00 og kl. 20.00 dei tre siste søndagane før julaftan.

Visse typar utsalsstader er etter lova unntakne frå dei alminnelege opningstidene. Dei kan såleis halde ope heile døgnet alle dagar. Desse utsalsstaderne er omtalte i § 3 første ledd nr. 1 til 10 i lova. Mellom anna er det unntak for kioskar og daglegvareutsal som har ei samla salsflate som ikkje overstig 100 m<sup>2</sup>, serveringsstader, utstillingar o.a.

Barne- og familidepartementet, som forvaltar lova, har i forskrift av 29. oktober 1999 fastsett at utsalsstader i terminalbygningar på lufthamner som har løyve til avgiftsfritt sal, er unntakne frå dei alminnelege opningstidene i lova.

Fylkesmannen kan etter søknad frå kommunen bestemme ved forskrift at eit område skal reknast som *typisk turiststed* for heile året eller delar av året. På typiske turiststader er det ikkje sett grenser for opningstidene.

Fylkesmannen kan etter søknad gi dispensasjon frå § 2 (dei alminnelege opningstidene) når det ligg føre særlege grunnar. Det kan klagast til departementet på slike vedtak.

Brot på lova blir straffa med bøter.

### 1.4 Arbeidsmiljølova

Etter arbeidsmiljølova er arbeid mellom kl. 21.00 og kl. 06.00 rekna som nattarbeid. Det kan drivast berre dersom det er unntak/heimel for det i arbeidsmiljølova. Eit slikt unntak er gjort for arbeidstakarar ved utsalsstader innanfor dei opningstidsrammene som er fastsette i eller i medhald av anna lovsgiving; det vil først og fremst seie opningstidslova.

Dei alminnelege opningstidsrammene i opningstidslova tilsvarer arbeidstidsrammene i arbeidsmiljølova. Dette har sikra at dei fleste arbeidstakarane ved utsalsstadene har følgt normalarbeidstida etter arbeidsmiljølova.

Etter arbeidsmiljølova § 44 er det generelt forbod mot å arbeide på søndagar og helgedagar. På same måten som for føresegna om nattarbeid har denne føresegna unntak for arbeid i utsalsstader innanfor dei rammene som er sett av anna lovging.

### 1.5 Lov om helligdager og helligdagsfred

*Lov 24. februar 1995 nr. 12 om helligdager og helligdagsfred* tek sikte på å verne om det gudstenestlege livet og den alminnelege freden på helgedagar, og å gi høgtida ro og vordnad, jf. § 1. I § 2 er det gitt føresegna om kva dagar som er helgedagar i Noreg. I § 3 er det sett forbod mot å forstyrre den alminnelege freden på helgedagar med utilbørleg larm, og mot å forstyrre gudstenesta med unødig larm, arbeid eller anna forstyrrande verksemnd. § 4 set grenser for offentlege tilstellingar og arrangement m.m. mellom kl. 06 og kl. 13, med enkelte spesifiserte unntak. Salsverksemnd er ikkje regulert av *lov om helligdager og helligdagsfred*.

### 1.6 Lov om 1 og 17 mai som høgtidsdager

I samsvar med *lov 26. april 1947 nr. 1 om 1 og 17 mai som høgtidsdager* skal desse dagane vere likestilte med søndagar, men ikkje når det gjeld reglar om kyrklege handlingar eller helgedagsfreden.

Etter § 2 i lova skal arbeid som etter gjeldande lovsgiving ikkje kan haldast i gang på søndagar, slutte seinast kl. 22 dagane før 1. og 17. mai.

## 2 Høring

Barne- og familidepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet sende 13. februar 2002 ut til aktuelle instansar eit høringsnotat med forslag om å oppheve opningstidslova, samtidig som reglar om opningstider for utsalsstader på helge- og høgtidsdagar blir tekne inn i *lov om helligdager og helligdagsfred*.

Det kom inn svar frå 69 høringsinstansar. Av desse hadde 26 ikkje merknader. 24 høringsinstansar støtta forslaget om å oppheve opningstidslova, medan 19 gjekk imot.

*Forbrukarrådet*, som representerer brukarane, viser til at den enkelte utsalsstaden etter forslaget

kan bestemme når butikken skal vere open på kvar-dagar, ut frå lokale handlemønster og dei behov forbrukarane har. Forbrukarrådet ønskjer sterkare konkurranse i daglegvarehandelen og er derfor einig i forslaget frå regjeringa om å oppheve opnings-tidslova.

*Fylkesmennene*, som behandlar dispensasjons-søknader, er også positive og viser m.a. til at å opp-heve lova kan gi ressursmessige innsparingar.

Næringsa er delt i synet på oppheving. *Handels- og Servicenærings Hovedorganisasjon (HSH)* mei-ner at å gjennomføre forslaget ikkje vil innebere særleg store endringar i dei opningstidene som blir praktiserte i varehandelen i dag. Antakeleg vil ber-re eit fåtal utsalsstader finne det fornuftig å forleng-je opningstida utover det som i dag er tillate, nem-leg til kl. 21.00 på kvardagar. *Hakon Gruppen AS* er på si side i utgangspunktet positive, men påpeiker også negative konsekvensar som større lønnskost-nader, bemanningssituasjonen og risiko for ran og tjuveri. *Coop* påpeiker også ei rekke negative kon-sekvensar og går imot forslaget.

Dei som sterkest går imot forslaget, er dei orga-nisasjonane som representerer arbeidstakarinte-ressene (*LO, Handel og Kontor og YS*). Det blir re-agert mot at det lovheimla vernet mot å arbeide utover normalarbeidstida (21.00–06.00) blir fjerna. Det blir påpeikt at dette vil få negative konsekven-sar for samfunn og familieliv. Elles blir det vist til at verken næringa sjølv eller forbrukarane har uttrykt ønske om at opningstidslova bør opphevast, snare-re tvert imot. Det verkar som om alle no har til-passa handlemønsteret sitt innanfor ramma av lova i dag. Spesielt gjeld dette dei næringsdrivande, og det kan derfor skade meir enn det gagnar å leggje opp til nye endringar.

Også *Kyrkjerådet* er kritisk til at grensene for opningstida på kvardagar blir oppheva, og viser til at det ikkje er gitt at marknadsmekanismane aleine vil gi tilpassingar som best tener enkeltmenneske og samfunnet som heilskap.

Det er stor støtte mellom høringsinstansane til at dagens regulering av sön- og helgedagshandel gir ein rimeleg balanse mellom søndagen som ein dag med avgrensa aktivitet og omsynet til at forbrukaren skal tilbydast nødvendige varer. Enkelte har kommentarar til utforminga av unntaka. Dette gjeld særleg dei forskjellige kvadratmetergrensene for daglegvarebutikkar og bensinstasjonar, og unntaket for hagesenter m.m. Kommentarane knyter seg m.a. til at dagens regulering kan medføre konkur-ransevridering. Dei høringsinstansane som uttaler seg om det nye unntaket for sal av varer i tilknyting til produksjonsstader m.m., er i hovudsak positive til unntaket. Når det gjeld forslaget om å føre vidare

løyvet til å halde søndagsope dei tre siste søndaga-ne før julafstan, går *Handel og Kontor* inn for å opp-heve dette unntaket.

Enkelte fylkesmenn stiller spørsmål ved beho-vet for å føre vidare høvet til dispensasjon frå dei al-minnelege opningstidene.

*Riksadvokaten* påpeiker at ein må vurdere for-holdet mellom den foreslalte straffeføresegna i hel-gedagslova og straffelova § 348. Etter riksadvoka-tten si meining er det openbertyt at straffelova § 348 ikkje kan bli ståande dersom forslaget til straffefö-resegn i helgedagslova blir vedteke. Grunngivinga er at føresegnene til dels er samanfallande.

### 3 Vurderingar og forslag frå departementet

#### 3.1 Innleiing

Hovudformålet med forslaget om å oppheve opningstidslova er å tilpasse opningstidene til dei behov brukarane har. Etter departementet si vurde-ring oppnår ein dette best ved å la tilbod og etter-spørsel verke bestemmande for opningstidene. Ved å oppheve opningstidslova legg ein også meir til rette for fleksible tilpassingar, som naturleg vil vari-ere med bransjetypar, lokale forhold osv. Det er og-å grunn til å vente at ein ved å oppheve restriksjo-nane vil fjerne uheldige konkurransevrideringar som følgjer av at enkelte typar utsal er unntekne frå fø-resegnene.

Ved sida av dette hovudformålet er det også vik-tig å vareta omsynet til den alminnelege helgedags-freden. Dette omsynet kjem til uttrykk i den gjel-dande helgedagslova, der § 1 lyder: *For å verne om det gudstjenestlige liv og den alminnelige fred på hel-ligdager, og for å gi høytiden ro og verdighet, skal det være helligdagsfred i samsvar med reglene i denne lov.*

Etter departementa si vurdering inneber da-gens regulering av handel på søndagar og andre helgedagar ein rimeleg balanse mellom omsynet til den alminnelege fred på helgedagar og omsynet til at forbrukarane skal ha eit tilfredsstillande tilbod på nødvendige varer. På denne bakgrunn meiner de-partementet at hovudregelen framleis bør vere at utsalsstader skal halde stengt på søndagar og andre helgedagar, samtidig som ein fører vidare dei unntak frå hovudregelen som gjeld i dag.

For å oppnå intensjonen om å fjerne reguleringa av opningstidene må ein også oppheve det vern i arbeidsmiljølova som arbeidstakarane har mot å arbeide utover normalarbeidstida, dvs. etter kl. 21 og

Om lov om endringar i lov 24. februar 1995 nr. 12 om helligdager og helligdagsfred m.v.

fram til kl. 06. Fleire av høringsinstansane har av den grunn gått imot forslaget. Dette gjeld særleg dei organisasjonane som representerer arbeidstakarinteressene. Departementet vil her vise til at allereie etter dagens system er vernet oppheva for arbeidstakarar som er knytte til dei utsalsstadene som er unntakne frå lova. Vidare må ein rekne med at marknadsstyring av opningstidene på kvar-dagar – i staden for lovregulering – neppe vil føre til at utsalsstader held ope etter kl. 21 i vesentleg større omfang enn i dag.

### **3.2 Hovudregel om handel på helgedagar**

Departementet foreslår at det i *lov om helligdager og helligdagsfred* blir teke inn ein ny § 5 som regulerer sal frå faste utsalsstader på helgedagar. Her er utgangspunktet og hovudregelen at på helgedagar skal faste utsalsstader som sel varer til forbrukar, halde stengt.

Denne hovudregelen skal etter forslaget gjelde også for 1. og 17. mai.

Det er foreslått at faste utsalsstader skal stenge kl. 16 på jul-, påske- og pinseafstan, mot kl. 15 etter gjeldande lov. Denne endringa gir samsvar med føresegna i § 3 i helgedagslova om atdet på desse dagane skal vere helgedagsfred frå kl. 16.

### **3.3 Unntak frå hovudregelen**

Departementet går inn for å tillate søndags- og helgehandel som i gjeldande opningstidslov. Det er derfor foreslått å føre vidare unntaka i gjeldande lov. Dette inneber at faste utsalsstader framleis kan halde ope dei tre siste søndagane før julaftan mellom kl. 14 og kl. 20. Vidare inneber det vidareføring av følgjande spesifiserte unntak:

- utsalsstader som i det vesentlege sel kiosk- eller daglegvarer, og som har ei samla salsflate som ikkje overstig 100 m<sup>2</sup>
- utsalsstader som aleine eller i kombinasjon med kiosk- eller daglegvarer i det vesentlege sel bensin, olje og andre varer som er nødvendige for drift av eller vedlikehald av motorkjøretøy og motorbåtar, og som har ei samla salsflate som ikkje overstig 150 m<sup>2</sup>
- utsalsstader på campingplassar i campingsesongen
- utsalsstader på område som etter vedtak av fylkesmannen er rekna som typiske turiststader
- sal frå serveringsstad
- sal ved auksjon
- sal av utstilte gjenstandar frå kunstgalleri og liknande
- sal frå utstillingar eller varemesser

- utsalsstader som i det vesentlege sel blomster, plantar og andre hageartiklar
- utsalsstader som i det vesentlege sel lokale husflids- og suvenirvarer
- utsalsstader i terminalbygningar på lufthamner som har løyve til avgiftsfritt sal

#### *Særskilt om vareutval og arealgrense*

I dei forskjellige fasane av opningstidsreguleringar har det alltid vore unntak frå dei alminnelege opningstidene for visse kiosk- og daglegvarer. Avgrensinga av vareslaga har i det meste av lova si historie skapt betydelege problem.

I revisjonen i 1998 vart fleire alternativ vurderte, m.a. å differensiere etter vareslag. Konklusjonen var at unntak baserte på areal for utsalsstader som i det vesentlege sel kiosk- eller daglegvarer, var den beste løysinga. Arealgrensa vart sett til 100 m<sup>2</sup>. Denne løysinga er av enkelte blitt oppfatta som ei innstramming og byråkratisering. I realiteten innebar føresegna ei klar utviding av lovleg sal utover utsalstidene i lova, og for første gong eit avgrensingskriterium som har skapt få problem.

Departementet meiner at det framleis bør vere unntak for visse kiosk- og daglegvarer, og at den gjeldande arealgrensa bør førast vidare.

#### *Klargjering av unntaket for sal frå utstillingar eller varemesser*

Lova i dag har eit unntak for *salg fra utstillingar eller varemesser*.

Unntaket for utstillingar eller varemesser er berre meint å gjelde sal i eit avgrensa tidsrom frå lokale som normalt ikkje er nytta til anna salsverksamd, jf. Ot.prp. nr. 75 (1996–97) *Om lov om åpningstider for utsalgssteder (åpningstidsloven)* s. 31. For å gjere denne føresetnaden klarare foreslår departementet at lovteksten blir presisert til å gjelde *salg fra tidsbegrensede utstillingar og varemesser som finner sted i lokaler som normalt ikke blir brukt til salgsvirksomhet*.

#### *Forslag til nytt unntak for sal av varer i tilknyting til produksjonsstader m.m. som er tilrettelagde for turisme*

Ut frå erfaringane med den gjeldande opningstidslova reknar Barne- og familidepartementet med at det kan vere aktuelt å vurdere eit nytt unntak for ein type sal på sør- og helgedagar. I lovutkastet er det derfor foreslått å ta inn unntak for *salg av varer i tilknyting til produksjonsstader m.v. som er tilrettelagt for turisme*.

Bakgrunnen er m.a. den dispensasjonen som er gitt for Porsgrunds Porselænsfabrik, som har fått løyve til å selje produkt i samband med omvising på fabrikken også på søndagar. Forslaget vil m.a. dekke sal av varer til personar som får tilbod om omvisningar og liknande på fabrikkar og anlegg der dei får innblikk i delar av produksjonsprosessen. Det finst også eksempel på at verkstader for keramikk, annan brukskunst, lys osv. har liknande arrangement. Staden må vere tilrettelagd for turisme, og varene må i vesentleg grad vere knytte til aktiviteten på anlegget. Salsverksemda må ikkje stå som det einaste formålet.

Det er ikkje formålet å opne generelt for fabrikutsal på sør- og helgedagar.

Føresegna vil også kunne omfatte nedlagde produksjonsanlegg som er utvikla til kulturminne og turistattraksjonar.

### 3.4 Straffeføresegn

Brot på føresegner om helgedagsfreden er straffbart, jf. straffelova § 348, som lyder: *Den som overtræder de angaaende Helligdagsfreden gjeldende Bestemmelser, straffes med Bøder.* Straffeboden rettar seg mot brot på både føresegner i helgedagslova og føresegner om helgedagsfred i anna lovgiving. I samsvar med hovudregelen i straffelova § 40 første ledd vil straff vere aktuell berre når det ligg føre forsett.

Etter § 5 opningstidslova blir den straffa med bøter som forsettleg eller aktlaust bryt lova eller forskrifter gitt i medhald av lova. Medverknad blir ramma på same måten.

Når dei føreseggnene som set grenser for at utsalsstader kan halde ope på helgedagar, blir overførte frå opningstidslova til helgedagslova, er det naturleg å overføre også straffeføresegna i gjeldande opningstidslov § 5 til *lov om helligdager og helligdagsfred*.

Å flytte straffeføresegna frå opningstidslova til helgedagslova § 6 vil ha som konsekvens at også aktlaust brot på §§ 3 og 4 i helgedagslova vil vere straffbart. Vidare vil også medverknad til brot på desse føreseggnene vere straffbar. Dette inneber ei utviding av straffeansvaret. Departementet ser likevel liten grunn til å reservere aktløyse- og medverknadsansvaret for opningstidsføresegna.

I samsvar med fråseggna frå Riksadvokaten vil departementet også foreslå at straffelova § 348 blir oppheva. Sjølv om straffelova § 348 ikkje berre rettar seg mot brot på helgedagslova, men også mot brot på føresegner om helgedagsfred i anna lovgiving, legg departementet til grunn at straffeboda i den aktuelle spesiallovgivinga er tilstrekkelege.

### 3.5 Arbeidstidsføresegner

For å gjennomføre intensjonen med frie opningstider på kvardagar er det foreslått å gjere unntaket frå forbodet mot nattarbeid i arbeidsmiljølova § 42, andre ledd 1) for arbeidstakarar ved utsalsstader generelt, dvs. at tilvisinga til anna lovgiving blir fjerna.

Sør- og helgedagsarbeid er i samsvar med arbeidsmiljølova § 44 andre ledd bokstav k) tillate ved utsalsstader *innenfor de åpningstidsrammer som er fastsatt i eller i medhold av annen lovgivning.* Vidareføring av opningstidsreglane i *lov om helligdager og helligdagsfred* medfører altså ikkje behov for endring i arbeidsmiljølova § 44.

I § 2 i *lov om 1 og 17 mai som høgtidsdager* er det sagt at arbeid som etter gjeldande lovgiving ikkje kan haldast i gang på søndagar, skal slutte seinast kl. 22 dagane før 1. og 17. mai. Departementet kan ikkje sjå tungtvegande grunnar til å ha særlege avgrensingar for desse to dagane, og foreslår ei ny siste setning i § 2 om at føresegna om å avslutte arbeidseinast kl. 22 ikkje skal gjelde for arbeid ved faste utsalsstader.

### 3.6 Tilsyn og handheving

Brot på føreseggnene i *lov om helligdager og helligdagsfred* vil bli handheva av politiet slik som brot på den gjeldande opningstidslova. Eventuelle meldingar av ei verksemd for brot på § 5 i *lov om helligdager og helligdagsfred* må etterforskast og følgjast opp av politiet på vanleg måte. Som ledd i etterforskinga av ei slik melding kan det for eksempel vere nødvendig å avklare om utsalsstaden kan halde ope på søndagar og andre helgedagar i medhald av forslaget til ny § 5. I samband med etterforsking av verksamder som driv kioskar, daglegvareforretningar og bensinstasjoner m.m., kan det i spesielle tilfelle bli nødvendig å sjå til at det faktiske salsarealet stemmer med den framlagde dokumentasjonen.

Reglane i arbeidsmiljølova om søndags- og helgearbeid vil framleis gjelde for arbeidstakarar ved utsalsstader. Som ledd i tilsynet med at arbeidsmiljøet er tilfredsstillande, vil Arbeidstilsynet også kunne kontrollere om arbeidstida er i samsvar med lova. I tilsynsverksemda må Arbeidstilsynet ta stilling til om den konkrete utsalsstaden fell inn under hovudregelen i arbeidsmiljølova, eller om han er omfatta av unntaka i § 5 i *lov om helligdager og helligdagsfred*. Når det gjeld unntaka for kioskar og bensinstasjoner, vil dette kunne gjerast ved å sjå til at utsalsstaden oppfyller dei krav til tilfredsstillande dokumentasjon som er stilte etter *lov om helligdager og helligdagsfred* § 5 andre ledd nr. 1 og nr. 2, og fjerde ledd. Dersom utsalsstaden ikkje har slik do-

Om lov om endringar i lov 24. februar 1995 nr. 12 om helligdager og helligdagsfred m.v.

kumentasjon tilgjengeleg, vil det normalt ikkje vere høve til sørn- eller helgedagsarbeid ved verksemda, og Arbeidstilsynet vil kunne gi pålegg for brot på arbeidsmiljølova. Arbeidstilsynet sin tilsynskompetanse knyter seg på denne bakgrunn berre til dei rettane arbeidstakarane har når det gjeld arbeidsforhold i samsvar med arbeidsmiljølova.

Forslaget inneber at eit eventuelt brot på reglane kan vere straffbart både etter arbeidsmiljølova og etter *lov om helligdager og helligdagsfred*, alternativt *lov om 1 og 17 mai som høgtidsdager*.

#### **4 Opningstidslovgivinga i enkelte andre land**

I *Sverige* har det frå 1972 ikkje vore noka særskild lovregulering av opningstida i varehandelen. I 1991 vart det lagt fram ein rapport som evaluerte situasjonen utan opningstidsregulering (SOU 1991:10). Undersøkinga viste at 80 prosent av dei store varehusa og stormarknadene heldt søndagsope i 1989, medan 54 prosent av daglegvarebutikkane heldt søndagsope. Undersøkingar gjorde på slutten av 80-talet indikerte at søndagshandel i stor grad vart brukt til suppleringskjøp, ikkje til storhandel. 47 prosent var positive til at butikkar heldt ope på søndagar.

Opningstidene i *Danmark* er regulerte av *lov om butikstid* av 20. desember 2000. Utsalsstader skal som hovudregel halde stengt frå laurdag kl. 17.00 til måndag kl. 06.00. Butikkar kan no halde ope fire søndagar i året. Søndagane må ikkje vere plasserte på helgedagar, julaftan eller grunnlovsdag. I 2003 blir talet dobla, slik at ei forretning kan halde ope i alt åtte søndagar i året. Likevel skal fire av desse dagane vere i juli og august. Utsalsstader som har ei forventa årleg omsetning under 23 millionar danske kroner, inklusive moms og «punktavgifter», er unntakne frå stengingspåbodet. Ei undersøking gjennomført av den danske *Erhvervs- og Selskabsstyrelsen* i 1996 viste at 83,1 prosent av alle utsalsstader hadde ei omsetning under grensa og såleis var unntakne frå stengjetida. Mellom desse kunne alle kioskar og 97,6 prosent av daglegvarebutikkane halde ope utanom den alminnelege stengjetida, medan 7,2 prosent av supermarknadene og ingen varehus hadde høve til dette.

Med den nye lova er ei rekke særreglar oppheva, m.a. vart dispensasjonen for butikkar i sommarhusområde oppheva. Stengingslova skal reviderast igjen i folketingsåret 2004–2005.

I *Finland* vart det i 2000 vedteke ny *lag om minutshandelns og frisørsalongers öppetider*. Utsalsstader kan som hovudregel halde ope frå kl. 07.00 til

kl. 21.00 på kvardagar og frå kl. 07.00 til kl. 18.00 på laurdagar. Det er høve til å halde ope mellom kl. 12.00 og kl. 21.00 på søndagar. Dette gjeld alle månadene i året for daglegvarebutikkar med ordinær butikkstorleik på maksimum 400 m<sup>2</sup>. For andre daglegvarebutikkar gjeld dette for mai, juni, juli og august, og dessutan i november og desember. Utsalsstader kan ikkje halde ope på religiøse høgtidsdagar, på 1. mai, på mors- og farsdag og på frigjøringsdagen. Kioskar, bensinstasjonar m.m. er unntakne frå lova. Lova er handheva av politiet.

*Tyskland* har tradisjonelt ført ein restriktiv opningstidspolitikk. Etter ei lovendring 30. juli 1996 kan utsalsstader som hovudregel halde ope til kl. 20.00 på kvardagar og til kl. 16.00 på laurdagar. Søndagar må utsalsstader halde stengt. I lova er det rekna opp kva varer som kan seljast utanom ordinær opningstid.

Etter ei lovendring i 1994 er opningstidene i *England og Wales* vesentleg liberaliserte. Det er ingen restriksjonar på opningstidene på kvardagar. Utsalsstader med areal over 280 m<sup>2</sup> kan halde ope 6 timer på søndagar, medan utsalsstader under 280 m<sup>2</sup> sjølv kan bestemme når dei ønskjer å halde ope på søndagar. Det er særleg store varehus og kjøpesenter utanfor bysentrum som held ope på søndagar, medan sentrum framleis er stille på desse dagane.

#### *Forholdet til EØS-avtalen*

EF-domstolen har i fleire dommar dei seinare åra slått fast at nasjonalt regelverk om opningstider hører under nasjonal kompetanse og derfor ikkje vedkjem fellesskapsretten. Regulering av opningstidene vil derfor uansett utforminga ikkje vere problematisk i forhold til dei pliktene Noreg har etter EØS-avtalen.

#### **5 Økonomiske og administrative konsekvensar**

Lovforslaget inneber at det for utsalsstader ikkje lenger vil vere lovbestemte avgrensingar i opningstidene på kvardagar. Utsalsstadene vil med andre ord sjølv kunne bestemme kor lenge dei da vil halde ope. For enkelte utsalsstader vil dette kunne føre til endringar i konkurransesituasjonen.

Oppheving av opningstidsavgrensingane på kvardagar vil venteleg redusere behovet for dispensasjonar. Utover dette vil lovforslaget antakeleg ikkje ha vesentlege administrative konsekvensar når det gjeld forvaltninga og handhevinga av regelverket frå styremaktene si side.

## 6 Merknader til dei enkelte føresegna

### 6.1 Endringar i lov om helligdager og helligdagsfred

#### Til § 5 Salg fra faste utsalsstader

Det er ikkje teke sikt på endringar i korleis ein skal forstå definisjonane av fast utsalsstad og dei typar utsalsstader som er omfatta av unntaka i opningstidslova av 1998 § 3.

Første ledd presiserer verkeområdet for føresegna.

Paragrafen gjeld faste utsalsstader. Dersom enkelte utsalsstader eller varegrupper er regulerte i eller i medhald av spesiallover, vil likevel desse gå framfor lova her. Eksempel på dette er sal av apotekvarer og alkoholhaldige drikkar.

Sameleis som med den tidlegare lova vil den nye føresegna berre regulere opningstida for utsalsstader der det blir selt varer. Dette inneber at reine tenesteytingar som f.eks. utleige av bil eller video, reinsing og vask, bank, forsikring og eideomsmekling ikkje er omfatta av lova. Sjå dei spesielle merknadene til § 5 fjerde ledd når det gjeld verksemder som kombinerer tenesteyting med sal av varer som er unntakne etter arealgrense.

Lova regulerer sal frå fast utsalsstad. Ein utsalstad i lovas forstand må vere eit lokale som kan stengjast eller låsast. Handkjerre, kasse, koffert, visse slags telt, utandørs automat osv. er ikkje utsalsstad i lovas forstand.

Bestilling av varer over telefon, Internett eller per post fell utanfor verkeområdet til lova dersom varene blir sende til kunden. Skal kunden sjølv hente varene på ein utsalsstad, må tidspunktet for hentinga ligge innanfor opningstidene etter lova for staden der varene skal hentast.

Salsverksemda må vidare vere retta mot vanlege *forbrukarar*. Engrosverksemd eller sal frå «cash-and carry-avdelingar» til næringsdrivande er ikkje omfatta av lova. Dersom slike verksemder også driv sal til forbrukar, er dei derimot rekna som vanlege utsalsstader, og er omfatta av lova.

Andre ledd lister opp unntak frå hovudregelen i første ledd.

#### Nr. 1 Utsalssteder som vesentlig selger kiosk- eller dagligvarer

Etter nr. 1 er utsalsstader som i det vesentlege sel kiosk- eller daglegvarer, og som har ei samla salsflate som ikkje overstig 100 m<sup>2</sup>, unntakne. Sjå § 5 fjerde ledd når det gjeld uttrykket *salgsflate*.

Utsalsstaden må stå som eit sjølvstendig butikklokale med fastmonerte veggger og eigen inngang. Dette inneber at det ikkje er høve til å gjere om delar av ein butikk etter stengjetid til ei eining som tilfredsstiller arealkravet ved å bruke rørlege skiljevegger e.l.

Utsalsstader som ligg i butiksenter/kjøpesenter, skal i forhold til lova betraktast som individuelle einingar. Kioskar og daglegvareforretningar i butiksenter/kjøpesenter som ikkje har eigen inngang eller fast monerte veggger, kan halde ope utanom dei alminnelege opningstidene i lova under føresetnad av at dei tilfredsstiller arealkravet og i forhold til andre utsalsstader står som ei naturleg eining.

Omgrepa *kioskvarer* og *daglegvarer* har ingen eintydig definisjon. Ein indikasjon på omgrepet *kioskvarer* går fram av forarbeida til opningstidslova av 1985, jf. Innst. O. nr. 48 (1984–85), der det står på side 11:

«... tobakk- og røykartikler, aviser, blader og tidsskrifter, bøker, skrivesaker, toalettartikler, hygieniske artikler, sukker- og sjokoladeprodukter, bakeri- og konditorvarer, frimerker, innspilte og uinnspilte lyd- og bildeskassetter, film, mineralvann, frukt, souvenirer, husflidsvarer o.l. Videre menes pølsebod- eller gatekjøkkenvarer som pølser, hamburgere, kylling, pommes frites, eller andre varer som er beregnet på å fortærer på stedet».

I lov 6. juni 1980 nr. 21 om handelsverksemnd § 1–4 andre ledd er det gitt følgjande definisjon på dagligvarer:

«Som dagligvarer regnes matvarer og andre nærings- og nyttelsesmidler, dyremat, vaske- og rengjøringsmidler, toalettartikler, husholdningsvarer av papir og plast, bone-, rense- og pussemidler.»

Desse definisjonane må ikkje betraktast som uttommende og vil heller ikkje vere til hinder for at omgrepa kan omfatte nye varer som den raske produktutviklinga bringar på marknaden. Erfaringane med handhevinga av opningstidslova tilseier at ein ikkje skal binde seg til rigide definisjonar. M.a. av denne grunn er uttrykket *i det vesentlige ... kiosk eller dagligvarer* teke inn i loveteksten for å gjere det klart at eit avgrensa innslag av andre varer er tillate saman med kiosk- og daglegvarer.

#### Nr. 2 Bensinstasjoner

Etter nr. 2 er unntakne bensinstasjoner med ei samla salsflate som ikkje overstig 150 m<sup>2</sup>. Med *bensin-*

Om lov om endringar i lov 24. februar 1995 nr. 12 om helligdager og helligdagsfred m.v.

*stasjoner* skal forståast det same som i opningstidslova § 3 første ledd nr. 2, der det heiter:

«utsalgssteder som alene eller i kombinasjon med varer som nevnt i nr. 1, i det vesentlige selger bensin, olje og andre varer som er nødvendige for drift av eller vedlikehold av motorkjøretøy og motorbåter».

Uttrykket *i det vesentlige* inneber at det er tillate å selje eit avgrensa innslag av andre varer saman med bensin-, bilprodukt og varer nemnde i nr. 1.

Føresegna skal forståast slik at ein utsalsstad må selje både bensin, olje og andre varer som er nødvendige for drift eller vedlikehald av motorkjøretøy og motorbåtar for å komme inn under føresegna. Det er såleis ikkje tilstrekkeleg f.eks. berre å selje bensin og olje.

Sjå lovforslaget § 5, fjerde ledd når det gjeld uttrykket *salgsflate*. Også utsalsstader som sel bensin m.m., må i forhold til lova stå som sjølvstendige butikklokale med fast monterte veggjarar og eigen inngang, jf. det som er sagt under dei spesielle merknadene til § 5, andre ledd nr. 1.

#### Nr. 3 Utsalgssteder på campingplasser i campingsesongen

Nr. 3 fører vidare unntaket for campingplassar i campingsesongen frå gjeldande opningstidslov. I uttrykket *i campingsesongen* ligg krav om at campingplassen er open og har eit visst belegg av campingturistar. Føresegna tek ikkje sikte på å gi unntak for utsalsstader med tilbod og vareutval som openbert er meir tilpassa allmenta enn campinggjestene. Som campingplassar er i denne sammenhengen meint stader som er permanent opparbeidde og tilrettelagde for camping (telt, bubilar, campingvogner, campinghytter osv.). utsalsstadene må liggje *på* campingplassen for å komme inn under unntaket. Med dette er meint at utsalsstaden må liggje inne på området til campingplassen; det er ikkje tilstrekkeleg at han ligg heilt nær campingplassen. Unntaket for utsalsstader på campingplassar er grunngitt i dei behov gjestene har, og det skal gi gjestene høve til å kjøpe nødvendige varer utover dei alminnelege opningstidsføresegne.

#### Nr. 4 Typiske turiststeder

Nr. 4 fører vidare unntaket for *typiske turiststeder* frå den gjeldande lova. Med typiske turiststader er i første rekke meint mindre stader der salet i periodar hovudsakleg skjer til turistar. Det er her tenkt på stader der dei faste innbyggjarane er få i forhold til talet på tilreisande/besøkjande i løpet av året, ek-

sempelvis stader som Beitostølen, Geiranger, Geilo og Lyngør. Ein typisk turiststad treng ikkje omfatte heile kommunen. Ein typisk turiststad er dessutan kjenneteikna ved at dei næringsdrivande ofte er avhengige av turistsesongane, da kundegrunnlaget er for lite til at dei kan overleve av sal til fastbuande. Også utsalsstader i mange byar og på større stader kan oppleve omsetningsauken i turistsesongen, men denne auken kan neppe seiast å vere så vesentleg at han kan danne grunngivinga for å gi løyve til søn- og helgedagsope.

Det er vidare eit vilkår at salet i periodar hovudsakleg skjer til turistar, jf. § 5 sjette ledd. Kor lang denne perioden må vere, og kor stor del av omsetninga som må skje til turistar i denne perioden, må avgjerast konkret i kvart enkelt tilfelle.

Fylkesmannen kan avgrense unntaket i § 5 andre ledd nr. 4 frå kravet om at faste utsalsstader skal halde stengt på helgedagar til å gjelde for utprega «sesongstader» i bestemte periodar av året. Med «delar av året» er meint periodar av ei viss lengd; kortare tidsrom på f.eks. eit par veker vil såleis ikkje vere tilstrekkeleg.

Det følgjer av § 5 sjette ledd i lova at fylkesmannen, etter søknad frå ein kommune, ved forskrift avgjer om eit område eller ein kommune skal ha nemninga typisk turiststad.

Departementet har rekna med at dersom ein kommune tek avgjerd om ikkje å fremje søknad til fylkesmannen om å fastsetje forskrift at eit område er ein typisk turiststad, er det ei avgjerd av prosessuell karakter og ikkje eit enkeltvedtak.

Lovavdelinga i Justisdepartementet har seinare uttalt at avdelinga ser det slik at det ikkje ligg føre noko enkeltvedtak dersom kommunen etter saksbehandling i kommunestyret bestemmer seg for ikkje å søkje fylkesmannen om forskrift, eller dersom fylkesmannen avslår å fastsetje ei forskrift etter gjeldande opningstidslov § 3 fjerde ledd (helgedagslova § 5 sjette ledd).

Dersom fylkesmannen stettar søknaden frå kommunen og fastset ei forskrift i medhald av den gjeldande opningstidslova § 3 fjerde ledd (helgedagslova § 5 sjette ledd), er det saksbehandlingsreglane i forvaltningslova kap. VII og ikkje kap. IV–VI som gjeld for vedtaket. Spørsmålet er likevel om ei forskrift som reint faktisk berre får betydning for ein enkelt eller nokre få personar, må betraktast som eit enkeltvedtak, eventuelt at saksbehandlingsreglane for enkeltvedtak kan nyttast analogisk.

Lovavdelinga i Justisdepartementet har uttalt at avgjerala frå fylkesmannen etter gjeldande opningstidslov § 3 fjerde ledd (helgedagslova § 5 sjette ledd) må reknast som forskrift etter forvaltningslova, og at saksbehandlingsreglane for enkeltvedtak

Om lov om endringar i lov 24. februar 1995 nr. 12 om helligdager og helligdagsfred m.v.

– deriblant reglane om klage i forvaltningslova kap. VI – ikkje vil gjelde for avgjerala.

#### *Nr. 5 Serveringssteder*

Føresegna fører vidare unntaket for sal frå serveringsstad i opningstidslova. Unntaket er grunngitt med at lov av 13. juni 1997 nr. 55 om serveringsverksemd (serveringslova) uttømmande regulerer opningstida for serveringsstader som også har kioskavdeling.

#### *Nr. 6 Auksjoner*

Sal ved auksjon vil som i dag vere unnateke frå forbodet mot sal på sørn- og helgedagar. Vilkåret er at det blir drive reell auksjonsverksemd. Auksjonsverksemda må ikkje vere kombinert med anna salsverksemd som fell inn under opningstidsreguleringen for sørn- og helgedagar. Sjå elles *lov 14. august 1918 nr. 3 om frivillige auksjoner*.

#### *Nr. 7 Kunstmallerier*

Føresegna fører vidare eit unntak frå gjeldande opningslov for sal av kunst eller bruksjenstandar o.l. frå lokale som blir nytta til utstilling.

Føresegna omfattar også sal av plakatar, postkort, kunstbøker, katalogar, suvenirar m.m. som er knytte til utstillingsverksemd.

#### *Nr. 8 Utstillinger eller varemesser*

Også unntaket for sal frå utstillinger eller varemesser er ei vidareføring frå den gjeldande opningstidslova. For at verksemda ikkje skal vere omfatta av forbodet mot sal på sørn- og helgedagar, må utstillingane eller varemessene gå føre seg i lokale som normalt ikkje blir nytta til anna salsverksemd. Det er også eit vilkår at den enkelte utstillinga er avgrensa i tid. Det vil dermed ikkje vere høve til at ein seljar på sørn- og helgedagar tek opp bestillingar for seinare levering i eit lokale som blir kalla «utstilling» på ein søndag og er vanleg utsalsstad dei andre vekedagane.

#### *Nr. 9 Plantesalg*

Føresegna gjer unntak for utsalsstader som i det vesentlege sel blomster, plantar og andre hageartiklar, og er ei vidareføring av unntaket frå den gjeldande opningstidslova. Unntaket er grunngitt med at sal av artiklar til hagebruk m.m. ofte går føre seg på tidspunkt da folk flest har fri, for eksempel i høgane når folk gjer hagearbeid. Uttrykket *i det ve-*

*sentlige* gjer det klart at ein utsalsstad kan selje eit avgrensa tal andre produkt i tillegg til blomster, plantar og andre hageartiklar.

#### *Nr. 10 Lokale husflids- og suvenirvarer*

Føresegna er ei vidareføring av eit unntak som kom inn i opningstidslova av 1985 for sal av lokale husflids- og suvenirvarer. Med *lokale husflids- og suvenirvarer* er meint sal av varer som er framstilte lokalt. Produksjon og sal av slike varer kan ha stor næringsmessig betydning i mange distrikt, spesielt i turistsesongen. Uttrykket *i det vesentlige ... husflids- og suvenirvarer* medfører at ein utsalsstad vil kunne selje eit avgrensa tal andre produkt, for eksempel suvenirprodukt som ikkje er framstilte lokalt.

#### *Nr. 11 Utsalgsstader i terminalbygninger på lufthavner*

Føresegna gjeld utsalsstader i terminalbygningars på lufthamner som har løyve til avgiftsfritt sal. Med terminalbygning er meint bygning for inn- og utsjekking av passasjerar og bagasje på lufthamn.

#### *Nr. 12 Salg av varer i tilknytning til produksjonsstader m.v. som er tilrettelagt for turisme*

Føresegna vil m.a. dekkje sal av varer til personar som får tilbod om omvisingar og liknande på fabrikkar og anlegg der ein får innblikk i delar av produksjonsprosessen. Det finst også eksempel på at verkstader for keramikk, annan brukskunst, lys osv. har liknande arrangement. Staden må vere tilrettelagt for turisme, og varene må i vesentleg grad vere knytte til aktiviteten på anlegget. Salsverksemda må ikkje stå som det einaste formålet.

Det er ikkje formålet å opne generelt for fabrikkutsal på sørn- og helgedagar.

Føresegna vil også kunne omfatte nedlagde produksjonsanlegg som er utvikla til kulturminne og turistattraksjonar.

*Tredje ledd* gir høve til å halde ope dei tre siste søndagane før julafstan.

Unntaket gjeld berre dei tre siste søndagane *før* julafstan. Dersom julafstan fell på ein søndag, vil denne søndagen ikkje vere omfatta av føresegna.

*Fjerde ledd* definerer nemninga *salgsflate* i § 5 andre ledd nr. 1 og 2. Med «*salgsflate*» er meint golvflata i den delen av eit utsalslokale der varer berekna for sal til publikum er synleg utstilte. Kassemrådet der tilsette betener publikum, skal reknast inn i *salsflata*. Lager, kontor og opphaldsrom for

personale inngår ikkje i salgsflata. Det er berre varer i *lokalet* til ein utsalsstad som skal reknast inn i salsflata. Dette inneber at område utandørs ikkje inngår i salsflata, sjølv om det er utstilt varer der. Utrekninga av arealet skal skje frå vegg til vegg.

Dersom varer blir eksponerte frå eit lager, har departementet rekna med at den delen av kjøle- eller frysescapet som naturleg blir operert av kunden, skal reknast med i salsflata.

Kjøle- eller frysescap som er utstilt i butikklokalet, og som ikkje står i kontakt med eit lager, skal reknast inn i salsflata på vanleg måte.

Tenesteytande verksemder er unнатekne frå verkeområdet til lova, jf. § 5 første ledd. Ein del verksemder driv tenesteytande verksemd i kombinasjon med sal av varer, for eksempel kombinert drift av storkiosk og videoutleige. For slike utsalsstader skal berre den delen av lokalet som blir nytta til omsetning av varer, telje med i utrekninga av salsflata til utsalsstaden.

Korleis ein skal rekne ut salsarealet når det blir drive ein kombinasjon av varesal og tenesteytande verksemd, må vurderast konkret i det enkelte tilfelte, med utgangspunkt i korleis verksemda er innretta fysisk og funksjonsmessig.

#### Særleg om speleutenester

Tobakk- og Kioskhandelens Landsforbund og Norsk Rikstoto påpeikte i sine höringssvar til opningstidslova at areal som går med til spel, bør vere unнатekne ved utrekninga av salsflate. Etter departementet si erfaring vil dette normalt vere mindre areal, som er ein så integrert del av utsalslokalet at det må reknast inn i salsflata. Det vil ofte vere tilfelte der speleutenester som tipping og lotto skjer frå same saldisk som omsetninga av varer.

Dersom areal til speleautomatar, spel o.l. er fysisk og funksjonsmessig skilte frå salsarealet elles, må det byggje på ei konkret vurdering om desse speleutenestene er av ein slik karakter at det er naturleg å sjå dei som ei sjølvstendig tenesteytande verksemd, og dermed som unнатekne frå lova.

Etter departementet si vurdering må dei prinzipia som er nemnde ovanfor, gjelde all tenesteytande verksemd, også for eksempel posttenester.

Salsflata skal kunne dokumenterast, jf. § 5 femte ledd.

*Femte ledd* fastset at kioskar, mindre daglegvararebutikkar og utsalsstader for varer som er nødvendige for drift og vedlikehald av motorkjøretøy og båtar, og som held ope utover den alminnelege opningstida etter lova, må dokumentere at salsflata ikkje overstig den beskrivne kvadratmetergrensa.

Dette gjeld ikkje dersom utsalsstaden openbert ligg under arealgrensa. Ein mindre kiosk på 40 til 50 m<sup>2</sup> vil såleis ikkje trenge dette. Dokumentasjonen skal vere tilgjengeleg ved utsalsstaden, og skal på føres-purnad visast fram til politiet eller Arbeidstilsynet. Arealet til ein utsalsstad vil kunne dokumenterast gjennom takst, arealutrekning, arbeidsteikningar eller på annan tilfredsstillande måte. Brot på dokumentasjonsplikta medfører at ein utsalsstad ikkje skal betraktast som omfatta av unntaka i § 5.

Etter *sjette ledd* er det fylkesmannen som etter søknad frå ein kommune ved forskrift avgjer om eit område skal reknast som *et typisk turiststed* etter § 5 andre ledd nr. 4 i lova.

Vedtaket til fylkesmannen vil gjelde eit nærmare bestemt område, og vil normalt ikkje vere knytt til bestemte personar. Vedtaket vil dermed vere ei forskrift etter definisjonen i forvaltningslova § 2. Dette er presisert i lovteksten. At det vil vere tale om ei forskrift, inneber at saksbehandlingsreglane etter forskriftene i forvaltningslova kapittel VII vil gjelde for behandlinga hjå fylkesmannen. Det vil da ikkje vere høve til å klage over vedtaket.

I samsvar med *sjuande ledd* kan ein søkje fylkesmannen om dispensasjon frå § 5 når det ligg føre særlege grunnar.

Formuleringa *særlege grunner* vil kunne omfatte ulike forhold, som også kan variere frå distrikt til distrikt. Større hendingar, som idrettsmeisterskap, jubileum, stemne, marknader og liknande, og som vedkjem heile eller store delar av ein kommune eller eit distrikt, vil kunne danne grunnlag for dispensasjon. Det same gjeld periodisk tilbakevendande hendingar, som anløp av turistskip og årlege fiskeri, og som har stor næringsmessig betydning for ein kommune eller eit distrikt.

Det kan også givast dispensasjon for mindre arrangement som «handelens dag», eller markering av ei spesiell hending for ein utsalsstad, som for eksempel 5-, 10- og 25-årsjubileum eller liknande. Slike arrangement bør likevel vanlegvis ikkje tillatast på sør- og helgedagar.

For å falle inn under omgrepene «arrangement» må det ligge føre noko meir enn rein handelsverksamhet. Omgrepet «handelens dag» må naturleg forståast slik at det omfattar fellesarrangement utover eitt enkelt senter. Føresegna opnar ikkje for å dispensere for årlege jubileum eller for eksempel 12- eller 22-årsjubileum.

For kjøpesenter må det ligge føre ei særskild storhending.

Lang tradisjon med nattope for kjøpesenter er i seg sjølv ikkje nokon særleg grunn i lovas forstand.

Konkurransemessige forhold vil ikkje vere grunnlag for dispensasjon. Det er såleis ikkje høve til å gi dispensasjon til ein daglegvarebutikk som søker om å få halde ope på søndagar for å oppnå same opningstidsvilkår som utsalsstader som er unntakne, jf. § 5. Det same gjeld utsalsstader i grensestrøk som søker om dispensasjon for å ha dei same opningstidene som konkurrentar i Sverige og Finland.

I vurderinga av om det skal givast dispensasjon må det gjerast ei heilskapsvurdering, der alle aktuelle interesser blir trekte inn – også omsyn til arbeidstakarane ved utsalsstadene.

Den praksis som har utvikla seg med søndagsopne utsalsstader i desember månad for å avvikle julehandelen, er no lovfesta. Reint generelt er det rekna med at dette vil redusere behovet for dispensasjon.

Dispensasjon skal vere tidsavgrensma.

Den som har klagerett etter forvaltningslova, kan klage til departementet over avgjerd om dispensasjon.

#### Til § 6 Straff

Føresegna tilsvarer § 5 i opningstidslova av 1998.

*Første ledd* fastset at den som forsettleg eller aktlaust bryt §§ 3–5 i lova eller føresegner gitt i medhald av desse paragrafane, blir straffa med böter. Departementet meiner det er viktig at også aktlaust brot blir ramma. Brota vil ofte vere av ein slik karakter at forsett vanskeleg kan bevisast.

*Etter andre ledd* vil også medverknad til brot på lova kunne straffast.

#### 6.2 Endringar i lov om 1 og 17 mai som høgtidsdager

Etter § 1 andre ledd vil det gjelde same avgrensinger i høvet til å halde utsalsstader opne på 1. og 17.

mai som på sør- og helgedagar. Tilsvarande vil brot på påbod om å halde stengt vere straffbart på same måten som brot på føresegne om forbod mot handel på helgedagar.

Nytt siste punktum i § 2 andre ledd presiserer at lova ikkje er til hinder for at arbeid ved faste utsalsstader kan haldast i gang etter kl. 22 dagane før 1. og 17. mai.

#### 6.3 Endring i arbeidsmiljølova

*Arbeidsmiljølova § 42 andre ledd bokstav l)* inneber at nattarbeid (arbeid mellom kl. 21 og kl. 06) er tillate ved utsalsstader.

#### 6.4 Ikraftsetjing

Sjølv om opningstidslova av 26. juni 1998 blir oppheva, blir føresegne om handel på sør- og helgedagar i helgedagslova i hovudsak vidareførte. Heimelen i opningstidslova § 3 fjerde ledd til å fastsetje ved forskrift at eit område skal reknast som typisk turiststad, blir vidareført i helgedagslova § 5 sjette ledd. Tilsvarande blir føresegna i opningstidslova § 4 om dispensasjon i helgedagslova § 5 sjuande ledd vidareført. Departementet legg til grunn at forskrifter og dispensasjoner som er gitt i medhald av føresegne i opningstidslova, gjeld også etter at lova her er sett i kraft.

Kultur- og kyrkjedepartementet

til rår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i lov 24. februar 1995 nr. 12 om helligdager og helligdagsfred m.v.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om lov om endringar i lov 24. februar 1995 nr. 12 om helligdager og helligdagsfred m.v. i samsvar med eit vedlagt forslag.

Om lov om endringar i lov 24. februar 1995 nr. 12 om helligdager og helligdagsfred m.v.

## Forslag

### til lov om endringar i lov 24. februar 1995 nr. 12 om helligdager og helligdagsfred m.v.

#### I

I lov 24. februar 1995 nr. 12 om helligdager og helligdagsfred blir gjort følgjande endringar:

Ny overskrift § 1 skal lyde:

*Lovens formål*

Ny overskrift § 2 skal lyde:

*Helligdager*

Ny overskrift § 3 skal lyde:

*Helligdagsfred*

Ny overskrift § 4 skal lyde:

*Offentlige arrangementer*

§ 5 skal lyde:

*§ 5 Salg fra faste utsalgssteder*

På helligdager skal faste utsalgssteder som selger varer til forbrukere, holde stengt. På jul-, påske- og pinseaften skal de stenge kl. 16.

Dette gjelder ikke for

1. utsalgssteder som i det vesentlige selger kiosk- eller dagligvarer, og som har en samlet salgsflate som ikke overstiger 100 m<sup>2</sup>
2. bensinstasjoner med en samlet salgsflate som ikke overstiger 150 m<sup>2</sup>
3. utsalgssteder på campingplasser i campingsesongen
4. utsalgssteder på områder som etter vedtak av fylkesmannen regnes som typiske turiststeder, se sjette ledd
5. salg fra serveringssted
6. salg ved auksjon
7. salg av utstilte gjenstander fra kunstgallerier og lignende
8. salg fra tidsbegrensede utstillinger og varemesser som finner sted i lokaler som normalt ikke blir brukt til salgvirksomhet
9. utsalgssteder som i det vesentlige selger blomster, planter og andre hageartikler
10. utsalgssteder som i det vesentlige selger lokale husflids- og suvenirvarer
11. utsalgssteder i bygninger for inn- og utsjekking av passasjerer på lufthavner som har tillatelse til avgiftsfritt salg

12. salg av varer i tilknytning til produksjonssteder m.v. som er tilrettelagt for turisme.

Faste utsalgssteder kan holde åpent de tre siste sondagene før julafoten mellom kl. 14 og kl. 20.

Med salgsflate, se annet ledd nr. 1 og 2, menes gulvflaten i den delen av et utsalgssteds lokale hvor varer beregnet for salg til publikum er synlig utstilt. Lagerrom og oppholdsrom for personale medregnes ikke.

Utsalgssteder som nevnt i annet ledd nr. 1 og 2, og som ikke åpenbart oppfyller kravet om salgsflate, skal ved takst eller på annen tilfredsstillende måte kunne dokumentere salgsflatens størrelse. Dokumentasjonen skal være tilgjengelig ved utsalgsstedet. Mangelfull dokumentasjon medfører at et utsalgssted ikke anses unntatt fra bestemmelsen i første ledd første punktum.

Fylkesmannen kan etter søknad fra kommunen ved forskrift bestemme at et område skal regnes som typisk turiststed, se annet ledd nr. 4, for hele året eller deler av året. Som typisk turiststed kan bare regnes område der salget i de aktuelle periodene hovedsaklig skjer til turister.

Fylkesmannen kan etter søknad gi dispensasjon fra paragrafen her når det foreligger særlige grunner. Avgjørelsen kan påklages til departementet.

Departementet kan gi nærmere forskrifter til utfylling av paragrafen her.

Noverande § 5 blir ny § 7.

Ny § 6 skal lyde:

*§ 6 Straff*

Den som forsettlig eller uaktsomt overtrer §§ 3–5 i denne lov, eller bestemmelser gitt i medhold av disse paragrafene, straffes med bøter.

Medvirkning straffes på samme måte.

#### II

I lov 26. april 1947 nr. 1 om 1 og 17 mai som høgtidsdager blir gjort følgjande endringar:

§ 1 nytt andre ledd skal lyde:

For salg fra faste utsalgssteder 1. og 17. mai gjelder bestemmelsene i lov 24. februar 1995 nr. 12 om helligdager og helligdagsfred §§ 5 og 6 tilsvarende.

Om lov om endringar i lov 24. februar 1995 nr. 12 om helligdager og helligdagsfred m.v.

§ 2 nytt siste punktum skal lyde:

*Dette gjelder ikke arbeid ved faste utsalgssteder.*

**III**

I lov 4. februar 1977 nr. 4 om arbeidvern og arbeidsmiljø m.v. blir gjort følgjande endring:

§ 42 andre ledd bokstav l) skal lyde:

*arbeid ved utsalgssteder,*

**IV**

I lov 22. mai 1902 nr. 10 Almindelig borgerlig strafelov (straffeloven) blir § 348 oppheva.

**V**

Lov 26. juni 1998 nr. 43 om åpningstider for utsalgssteder (åpningstidsloven) blir oppheva.

**VI**

Lova her gjeld frå det tidspunkt Kongen fastset.

---

---